

## Tor Kyrre Hegle

---

**Frå:** Hogne Jarle Straume <hognestraume@gmail.com>  
**Send:** tirsdag 27. april 2021 12:44  
**Til:** Tor Kyrre Hegle  
**Emne:** Re: Svar på søknad til Næringsfondet

Hallo!

### Tilskot til kanalisering

Eg viser til samtale i går og vil med dette stadfesta at eg vil oppretthalda søknaden til søknadsfristen no 1.mai. I jordbruket finst det ikkje tilskot til kanalisering. Berre til oppatt grøfting av drenggrøftane. Kanalisering slik som dette er kostnads- og arbeidsintensivt. Det hadde difor vore til stor hjelp med tilskot frå næringsfondet med realisering av prosjektet.

Prosjetet går ut på oppgraving av eksisterane kanal, senking og bortsprengjing av berg tersklar og lukka delar av kanalen med røyr. Me vil då få djupare utløp for dreneringsvatnet for heile arealet som ligg oppanfor desse tersklane. Me vil forbetra arronderinga av for hausting av arealet ved at det vert lettare framkommeleg ved hausting, der kanalen vert lukka.

Kanalen er ein del av dreneringssystemet på Langhaugmyra som er den største teigen på vår gard. Når vert ferdig med å dyrka resten av myra, i løpet av nokre år no, så får me ein samanhengande teig med 120 daa. engareal. Me er no komne til den lågaste delen lengst mot sør på myra, der me grensar mot Soltveit gnr. 414. Der treng me lågare utløp enn som er naturleg, for å få senka grunnvatnet tilstrekkeleg, og for å få leda vatnet frå resten av myra som passerar der, bort på ein effektiv måte. Tiltaket kjem og til å gjeva høve til djupare grøftar og betre utløp for framtidig oppdyrking av den delen av myra som ligg nærast, på den sida av grensa mot Soltveit.

Vonar søknaden vert teken til følgje.

Med helsing Hogne Straume

man. 16. nov. 2020 kl. 09:37 skrev Tor Kyrre Hegle <[tor.heggle@alver.kommune.no](mailto:tor.heggle@alver.kommune.no)>:

Hei

Vedlagt følgjer ei tilbakemelding på din søknad til Næringsfondet, datert 13. oktober 2020.

**Tor Hegle** | Rådgjevar teknisk forvaltning og drift

Telefon: 959 68 182 / 56 37 56 42

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE